

## Adresseinformasjon

### Korleis endre adresseopplysningane?

Dette er adresseopplysningane vi har registrert. Øvst i skjemaet er det spørsmål om opplysningane nedanfor er rette. Ver særskild merksam på om felte med opplysningar om kontaktperson er fylte ut. Viss opplysningane er rette og fullstendige, skal ein merke av for "Rette". Klikk deretter på den oransje pila som fører til neste side.

Viss det er registrert feil eller mangelfulle opplysningar, merk av for "Feil/ikkje fullstendige". Klikk deretter på den oransje pila som fører til neste side. Det kjem då opp ei side for endring av adresseinformasjon.

### Side for endring av adresseinformasjon

Sida for endring av adresseinformasjon går det an å skrive i. Skriv inn rett adresseinformasjon og legg til opplysningar som manglar. Klikk på den oransje pila som fører til neste side, for å lagre endringane og gå vidare med registreringa. Vi gjer merksam på at det ikkje er mogleg å endre frå postboksadresse til gateadresse og omvendt. Ta kontakt med Nasjonalbiblioteket dersom dette skal gjerast.

## Klassesettsentral

Med klassesettsentral meiner vi regionale eller fylkesvise klassesettsentralar for vidaregåande skuler organiserte av fylkesskuleadministrasjonen, fylkesbiblioteket eller andre.

## Avlevering og kommentarar

Når det er registrert korrekte data i fylkeskommunen sitt skjema og i skulebiblioteka sine skjema, merker ein av for at statistikken er levert. Sjølv om ein har svart ja på dette spørsmålet, vil det framleis vere mogleg å logge seg på for å gjere endringar. Det er registreringsfristen som avgjer om skjema er tilgjengelege for endring.